

Innspelskjema

Oppsummering

Innspel til temaplan

Planprogram for regional plan for areal og mobilitet

Innsendar

Eg sender inn på vegne av Kommune

Org.nr. 864967272

Namn på kommune SVEIO KOMMUNE

Adresse Postboks 40

Postnummer/-stad 5559 SVEIO

Kontaktperson

Namn Bjarte Stølås Storli

Telefon 48001476

E-post bjarte.stolas.storli@sveio.kommune.no

Innspel

Politisk vedtak Høyringsfråsegn frå Sveio kommune, vedtatt av Sveio formannskap 20. oktober 2025, jf. sak FOR-104/25, følger her:

1. Innleiing

Sveio kommune vil på generelt grunnlag peika på behovet for ei streng prioritering av planoppgåver i det offentlege, anten det er på kommunalt, regionalt eller statleg nivå. Planarbeid er tidkrevjande og ressurskrevjande, og omfattande regionale planar kan gå ut over kapasiteten til å utarbeida konkrete reguleringsplanar for naudsynt infrastruktur og samfunnsutvikling. Kommunen vil difor oppmoda Vestland fylkeskommune om å avgrensa tal regionale planar og prioritera planoppgåver som er direkte knytt til fylkeskommunen sitt kjerneansvar – særleg samferdsle og mobilitet.

1.2 Føremål

Sveio kommune er negativ til føremålet med planen. Fylkeskommunen har ansvar for fylkesvegnettet og kollektivtrafikken, men planen som er tenkt å erstatta Regional transportplan ser ut til å ha som hovudføremål å leggja føringar for den kommunale arealbruken. Dette er eit ansvar som ligg til kommunane, som allereie er underlagde strenge føringar frå statleg hald. At fylkeskommunen skal leggja til ytterlegare føringar for kommunane sin arealbruk, kan Sveio kommune ikkje godta.

1.5.3 Målkonfliktar – ein balansert arealpolitikk

Sveio kommune merkar seg at planprogrammet omtalar behovet for å «unngå spreidd utbygging» og prioritera bustadbygging nær kollektivtransport og handel. Dette kan vera relevant i byområde, men er lite treffsikkert for distriktskommunar som Sveio der busetnad og arbeidsliv er spreidd og kollektivdekninga avgrensa.

Slik Sveio kommune les framlegget til planprogram, har fylkeskommunen ambisjonar om å leggja svært sterke føringar for arealbruken i fylket. Det vert i samband med dette synt til at «UFF-metodikken» skal liggja til grunn for planarbeidet. Eit einsarta prinsipp for arealbruk kan gje uheldige utslag og svekka utviklingsmoglegheitene i distrikta. Kommunen kan ikkje sjå anna enn at dette vil redusera det kommunale sjølvstyret monaleg, og jamvel gjera arbeidet med kommuneplanen sin arealdel enno meir utfordrande for kommunen.

2. Plantema, problemstillingar og konkretisering av planarbeidet

2.2.2 Senterstruktur

Av funksjonar fylkeskommunen har ansvar for, og som vanlegvis ligg i eit kommune- eller regionsenter, er vidaregåande opplæring, tannhelseteneste og større kollektivknutepunkt. Sveio kommune er oppteken av at våre servicetilbod har godt tilgjenge til våre ibuarar, og meiner difor at planarbeidet bør fokusera på samferdsle og kommunikasjonar til og frå våre definerte senterstrukturar, ikkje på føringar for kommunal arealbruk rundt dei.

Vidare bør ein i planprosessen som nemnd under punkt 3 Oppfølging av planen, også her ha eit fokus i planarbeidet med at kollektivknutepunkt og senterstruktur kan endra seg, og at kommunane då med forenkla handsaming må kunne revidere planar for å ikkje oppleve desse som eit hinder for lokal utvikling.

2.2.3 Transport, gods og logistikk

Dette er eit tema som ligg innanfor fylkeskommunen sitt ansvar og er eigna for regional planlegging. Sveio kommune støttar at planprogrammet løftar dette fram, og ser positivt på at godslogistikk, transportkorridorar og trafikktryggleik vert prioritert.

Sveio kommune som ligg på grensa mellom to fylker vil trekkja fram at ein her må sjå på samarbeidet mellom nabofylka for å sikra ein effektiv transport også over fylkesgrenser, og sikra god tigong til regionsenter som ligg i nabofylka.

Ein vil også spele inn at fylkeskommunen under dette kapitlet i steden for å gå ned i detaljnivå på kommunen, må løfte blikket og sjå på kva som er framtidsretta samferdsleårer som vil binde fylket saman, og som vil skapa ein større bu- og arbeidsmarknad. Sveio kommune vel her å trekkje fram ferjefri E39 som døme.

2.3 Berekraftig arealforvaltning

Sveio kommune er kritisk til kor omfattande ambisjonane under dette punktet er.

Planprogrammet gir inntrykk av at fylkeskommunen ønskjer å styra utbyggingsmønster for bustader, fritidsbustader, næring, friluftsliv og jordvern.

Kommunen meiner at dette går langt utover det regionale nivået si rolle, og at slike spørsmål må handterast lokalt gjennom kommuneplanen.

Erfaringar frå Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger viser at fylkeskommunen kan gå svært langt ned i detaljar, noko som skaper unødige konflikhtar og forseinkingar.

Å sikra ei berekraftig arealforvaltning er etter Sveio kommune sitt syn eit kommunalt ansvar, og bør takast ut av planprogrammet.

2.4 Mobilitet og transport

Kommunen støttar dei delane av planprogrammet som handlar om transport og mobilitet, men meiner at dette temaet bør handsamast i ein eigen Regional plan for samferdsle, i tråd med tidlegare Regional transportplan Vestland.

Det vil gje eit klarare fokus på infrastruktur og transportløyisingar, utan å blande dette med føringar for kommunal arealforvaltning.

3. Oppfølging av planen

Sveio kommune vil trekkja fram at samfunnsutviklinga ein ser i dag er under sterk, og rask endring. Ein ser behov for hurtig omstilling, der mengda planverk kan vera eit hindre for å lukkast i denne omstillinga. Den kommunale planlegginga vert stadig møtt med nye overordna og innskjerpa føringar, og eit auka krav til utreiingar, alt dette er med på gjere planarbeid for kommunane stadig meir resurskrevjande og ein opplev at det tek stadig lengre tid. Kommunen vil difor be om at fylkeskommunen tek innover deg dette, og heller legg opp til å sjå på korleis ein kan vera ein pådrivar for å lykkast med å forenkla handsaming ved utarbeiding og revidering av planar (kommunale så vel som fylkeskommunale) etter plan og bygningslova.

4. Kunnskapsgrunnlag

Kommunen meiner kunnskapsgrunnlaget bør supplerast med ei klår gjennomgang av dagens rolle- og ansvarsdeling mellom stat, fylkeskommune og kommunar innanfor planlegging.

Det må òg gå fram korleis konsekvensvurderingane skal ta omsyn til ulike typar lokalsamfunn og moglegheiter for å leggja til rette for vekst og utvikling også i område der det i realiteten er svært få moglegheiter til å erstatta bruk av eigen bil, ikkje berre urbane strøk.

5. Planprosess, organisering og medverknad

Sveio kommune legg vekt på at planprosessen må sikre reell medverknad frå kommunane.

Når planen legg opp til å påverka lokal arealbruk, må kommunane inviterast inn som aktive parhtar, ikkje berre som høyringsinstansar.

Oppsummering

Sveio kommune ber om at fylkeskommunen avgrensar den regionale planen til å omhandla det fylkeskommunen har ansvar for i denne samanhengen: Samferdsle. Me føreslår dermed at det i staden for ein regional plan for areal og mobilitet vert utarbeida ein regional plan for samferdsle, der ein også ser på grenseoverskridande transportårer mellom nabofylke, samt framtidsretta samferdsletiltak for å fremja vekst og utvikling. I den grad fylkeskommunen skal leggja føringar for arealbruken i kommunane, må dette avgrensast til vegtrasear, kollektivknutepunkt, kaiar og liknande. Med andre ord: Er det fylkeskommunen som skal eiga infrastrukturen, avgjer fylkeskommunen lokalisering og arealbruk. Skal fylkeskommunen ikkje stå som eigar, er det kommunane som styrer arealbruken i tråd med alle føringane som kommunane allereie i dag må halda seg til.

Vedlegg

Opplastet

Dokumenttittel	Filnavn	Størrelse
Saksutredning		NaN MB

Relevante lenker